



Oppheim
og Hauge

Årsmelding 2021.

Årsmøtet 2020 vart halde i Kyrkjestova 04.11.20. 15 medlemer møtte. Nestleiar i HBK Brita Dagestad Bjørke var invitert som gjest, men laut melda avbod. Vanlege årsmøtesaker, og framlegg frå styret om refusjonsdel av medlemspengar så lenge økonomien til laget er god. Bjørg S., Ingunn og Ruth pynta bord, snittar til kvar einskild frå Lenes kjøkken, smittevern i fokus.

Styret har vore samansett slik:

Leiar: Bjørg Håland
Nestleiar: Målfrid Ure
Skrivar: Astrid Norendal
Kasserar: Liv Karin J.Bidne
Studieleiar: Randi D.Jordalen

Varamedlemer: Kari Ulvund og Ingunn Horvei
Revisorar: Irene Kvarme og Anne Marit Hauge
Valnemnd: Nina Ure og Ruth D. Thaule

Marit Lunde Horvei har vore bygdekvinnelaga på Vossestrand sin representant i styret for Vossestrand bondelag. Ho vart vald for 1 år i 2020.

Styret har hatt 6 møte.

Døme på saker:

- *Teleslynge i Kyrkjestova
- *Planleggjing av av strikkekafeear
- * Avlyst Strandamesse, søknad om kompensasjon for planlagde inntekter. Me fekk oml. 16000.
- *Førebuing av distriktsårsmøte (det vart digitalt i år og)
- * Ledljøs i skileikområdet v/Framnesbakken, me gav pengar til ei mast.
- *Årsplan for Oppheim og Hauge bkl
- *Brurekrunelegatet på Vossestrand, løyving kr. 2000
- *Uttale vedk. Barnehagestruktur for Voss herad.
- *Vårtur i nærmiljøet

- * Ny oppvaskmaskin i Kyrkjestova. Pengestøtte
- * Noregs bkl. si valpakke. Samarbeid med bygdekvinnelaga på Voss
- * Innlegg i bladet Bygdekvinner om pynting av kyrkja til hausttakkefest
- * Planting i blomkassene ved omsorgsbustadane.
- * Strandabygdekvinnelaga si bunadsutleige
- * Utdeling av huer med Zeromerke til førsteklasingane
- * Kyrkjejubileet 02.-03.10
- * Planleggjing av årsmøtet til O&H bygdekvinnelag.
- * Avisinnlegg til støtte for Grendalaget og IL Eldar i kampen for aktivitetshus og barnehage i lokala etter Oppheim skule.

Oppgang i medlemstalet i laget ; no er me 37 medlemmer!

Aktivitatar i laget:

Koronaen har gjort seg sterkt gjeldande, me har ikkje hatt medlemsmøte.

Regionsmøte, digitalt, 27.11.20. Målfrid og Randi deltok.

Årsmøte i HBK 10.04.21. Digitalt, Zoom.

I forkant av distriktsårsmøtet hadde me førebuingmøte der me gjekk gjennom årsmøtesakene.

Utsettingar: Bjørg H, Målfrid og Astrid N. Anna Torhild deltok som æresmedlem. Årsmøtet vart gjennomført utan vanskar, me som var utsettingar sat saman to og to.

Vårtur i nærmiljøet 25.05.

Nokon gjekk Kongevegen frå Framneslii, andre gjekk til Raunlia frå Kyrkjestova. Alle møttest i gamle prestagarden. Triveleg ettermiddagstur!

Strikkekafe: Måndag 25.01 i Kyrkjestova og 13.09 hjå Huldra i Flåm.

Valpakka til NBK: Positivt samarbeid med bygdekvinnelaga i Voss herad. Me føretok litt språkvask, og fekk alle fire innlegga på trykk i avisa Hordaland før Stortingsvalet. (emna var: Jordvern, skulemat, betydning av frivilligheitsarbeid, høghastigheitsband i distrikta.)

Kyrkjejubileet 02.-03.10.21 Dugnadsarbeid

Lokallaga har hatt god kontakt med distriktsstyret gjennom året.

03.06 deltok Bjørg H og Astrid på digitalt møte (ZOOM) om medlemsregisteret og korleis dette kan brukast.

22.06 var Astrid med på ZOOMmøte om den nye logoen til NBK.

Regionsmøte på Dagestadmuseet 13.10.21. Fire rep. frå styret skal delta.

Heimesida til Oppheim og Hauge bkl. er i bruk, og laget er og på Facebook.

Gåver og helsingar.

*Blomar til nyinnflytta damer og medlemer som har rund dag. Oppmuntringshelsing v/sjukdom

*Labbar og kort til nyfødde. Den fine brosjyra «Mat for små magar» er dessverre ikkje å få tak i meir.

*Strikkahuer med ZEROmerke til førsteklassingane. Samarbeid med dei andre bkl. på Vossestrand. Utdelinga i september gjekk flott!

*Haustfesten til Samhald 4H vart avlyst i 2020. Planen er at medlemene skal få dei tradisjonelle skeiene frå Bondelaget og Bygdekvinnelaget på haustfesten 23.10.21.